

# Strategi 2022 – 2026

## Spesielle Miljøtilskot I Landbruket (SMIL)



**Utsira Kommune**



Utarbeidd av Miljø- og jordbrukssjef

Atle Grimsby

20. januar 2022



## Innhald

STRATEGI FOR SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL) I UTSIRA KOMMUNE FOR PERIODEN 2022 – 2026.....	3
Bakgrunn.....	3
Overordna føringar.....	3
Regelverk.....	3
Prosessen.....	3
Fakta om jordbruket, kulturlandskapet og vassførekomstar i kommunen.....	4
Kort om landbruket.....	4
Mål og tiltak for kulturlandskapet og vassførekomstane.....	5
Kulturlandskap.....	5
Viktige vassførekomstar.....	6
Tilrettelegging og planlegging av tiltak.....	6
Redusere utslepp til luft og unngå plantevernmidlar på avvegar.....	7
Lokale fristar for søking og kommunal sakshandsaming.....	7
Tilskotssatsar.....	8



# STRATEGI FOR SPESELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL) I UTSIRA KOMMUNE FOR PERIODEN 2022 – 2026

## **Bakgrunn**

Hovudmålet med denne strategien er å stimulera aktive landbruksføretak (som søker produksjons- og avløysartilskot) til miljøinnsats ut over den daglege drifta. Gjennom denne SMIL-strategien vil kommunen i samarbeid med landbruket, ta vare på det landbruksskapte kulturlandskapet i tråd med nasjonale og regionale landbrukspolitiske føringar innan kulturlandskap, ivaretaking av biologisk mangfald og ureining. Ivaretaking av kulturlandskapet ut over normal landbruksproduksjon av omsyn etter naturmangfaldlova og å redusere ureining etter vassforskrifta, er framheva som sentrale satsingsområde. Nytt i denne strategiperioden er at heile Land-Utsira er blitt *Utvald kulturlandskap i jordbruket* (UKL) og at heile øya også er pekt ut som *Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse* (KULA-område). UKL-statusen gir bøndene og gårdeiere ekstra tilskudd via SMIL-ordningen.

## **Overordna føringar**

Følgjande styringsdokument ligg til grunn for arbeidet og prioriteringane:

- [Kommuneplan 2012-2022 for Utsira kommune](#) kap. 9.2 landbruksnæring og 14.2 Kulturminne
- [Kulturminneplan 2008-2016 for Utsira kommune](#) og [kulturplan 2016-2019](#)
- [Regionalplan for landbruket i Rogaland](#)
- Forslag til regionalplan for vannforvaltning i Vannregion Rogaland [2022-2027](#)
- Meld. [St. 9 Landbruks- og matpolitikken \(velkommen til bords\)](#)
- [Nasjonalt miljøprogram 2019-2022](#)

## **Regelverk**

Utarbeiding av tiltaksstrategien og bruk av tilskotsordninga er heimla i «*Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket*» § 1 og § 8.

Kommunen har rettleiings- og tilretteleggingsansvar og er vedtaksmynde for alle søknadar på SMIL-tilskot. Statsforvalteren rettleiar og har tilsyn med kommunane på dette, handsamar søknadar om dispensasjon og er klageinstans på kommunale vedtak.

## **Proessen**

Den lokale SMIL-strategien er i samsvar med overordna føringar og lokale prioriteringar. Innspel frå dei som driv lokalt med beitande husdyr, er vektlagt. Statsforvaltaren har kome med innspel undervegs i prosessen. Tiltaksstrategien gjeld for 4 år.

Den 4-årige tiltaksstrategien er sendt på lokal høyring til aktive brukarar, Statsforvaltning og vedtatt av formannskapet 31.01.22.

## Fakta om jordbruket, kulturlandskapet og vassførekomstar i kommunen

### Kort om landbruket

- Tal føretak som søkjar produksjonstilskot:

1991	2001	2011	2016	2021
15	13	3	7	8

I 1991 var det 15 bruk som søkte om produksjonstilskot i kommunen, med 18 mjølkekyr, 82 anna storfe og 458 vinterfora sau og lam. I 2005 fekk storfehaldet dårlege kår og 4 av 8 bruk la ned drifta. Gjennomsnittsalderen på Sirabonden var då 57, 2 år , det var små sauebesetningar og trussel om skrapesjuka. Det gode vendepunktet kom i 2011 med satsing på villsau og kjøttfe i eit landskap truga av gjengroing. I 2016 var det sju husdyrbruk som søkte om produksjonstilskot. I 2021 vr ein til kome til og gjennomsnittsalderen på Sirabonden er no nær 40 år.

- Hovudproduksjonar:

Hovedsakeleg villsau i samdrift, to større besetningar med kjøttfe, og ein større besetning med kvitsau.

- Særpreg med landbruket vårt:

Motivasjonen i landbruket har dei siste 20 åra vore landskapspleie og skjøtsel areal under gjengroing. Det er stor interesse for pakting og bortpakting av jord. Etablering av Utsira Villsaulag fekk nye unge drivarar inn i landbruket. Gevinsten er kjøttressursen, velpleidd kysthei og nye landbruksrelaterte opplevingar. Det er stor motivasjon for å vidareutvikle landbruksrelaterte næringar i kommunen. Heile øykommunen blei i 2021 utpekt som Utvald kulturlandskap i jordbruket (UKL) og Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA-område). Der det er særlege naturverdiar innan kystlynghei og stivgrashei som er lagt særleg vekt på i UKL-utnemninga. Utsira kommune har få vassførande vassdrag, lite dyr på bås og lite utfordringar med forureining og tap av artsmangfald ved gjødselspreiing

- Største utfordringar i kommunen:

Største utfordring er utvilsamt gjengroing og spreining av [svartelistearten sitkagran](#). Utsira har et lite men eit godt fagmiljø innan landbruk. Men det er få drifter og det er sårbart om fleire legger ned drifta.

- Statistikk:

Jordbruk	2004	2014	Endring
Jordbruksareal tot daa	1090	1152	5,7%
Fulldyrka jord (daa)	567	481	-15,2%
Overflatedyrka (daa)	40	5	-87,5%
Innmarksbeite (daa)	483	666	37,9%
Daa jordbruksareal pr bruk i drift (søknad)	136	230	69,1%

<b>Prosent leigearreal</b>	56,6%	80,6%	
----------------------------	-------	-------	--

## Mål og tiltak for kulturlandskapet og vassførekomstane

### *Kulturlandskap*

Hele øykommunen vart i 2021 pekt ut som UKL og KULA-område.

Gjengroingsproblematikken og spreining av svartelistearten sitkagran har vore den viktigaste innfallsporren til dagens drivarar i jordbruket. Reiselivsnæringa er tener på eit attraktivt ope, lettgått og beita landskap. Og den sterke lokale identiteten som identitet som kystfiskar-bonde krev eit landskap som er i hevd. Dagens sjømanns- og offshore-bønder har vidareført denne stolte tradisjonen.

Tidlegare SMIL-satsing har gitt store inngjerdingar av to store utmarksteigar i Vestre- og Austremarkje. Mange rødlista beitesoppar og karplanter er knytt til kystlyngheia og sivgrasheia (naturbeitemark) på Utsira, og vi har og restar av slåtteeng og myrslått. Det lett synlege blome- og insekts-mangfaldet i ugjødsle beitelandskap er ein viktig lokal identitetsmarkør og er også med i “Utsira-songen”.

Verdifulle område i naturbase:

Namn	type	Verdi	skjøtsel
<b>Austremarka</b>	Kystlyngheia	B	Beiting og lyngsviing kvart ti-år, <a href="#">faktaark</a>
<b>Vest for Søreivågen (Klovningneset)</b>	Naturbeite	A	Kraftig beiting. <a href="#">faktaark</a>
<b>Vestremarka</b>	Naturbeite	A	Kraftig beiting. <a href="#">Faktaark</a>
<b>NØ for Nordvikvågen (Bondesteidn)</b>	Berg og rasmak	B	Ligge i ro, skjerm viktige rødlistearter. <a href="#">Faktaark</a>
<b>Austremarka NØ (Måbjør)</b>	Naturbeite	A	Kraftig beiting. <a href="#">Faktaark</a>

Drivarar som beiter og skjøtter område registrert i naturbase får støtte via RMP (søknadsfrist i oktober).

Kulturminne:

Oldtidsminne og minne frå nyare tid i utmark er og avhengig av aktiv beiting for å bli synlege og ikkje øydelagt av sitkaskog i vekst. Det finns fleire skilta stiar med tema om kulturminne. Vikingløypa er eit døme der åtte ulike hustuffer frå folkevandringstida er skilta og merkt på kart. Alle steingardar på Utsira skal ivaretakast og er meldingspliktige ved riving/endringar iht til føringar i kulturminneplan og kommuneplan. Utsira Kommune har fleire hundre kulturminne som er kartfesta i [kulturminnesok.no](http://kulturminnesok.no) og i [seeiendom.no](http://seeiendom.no).

Ferdsel i kulturlandskapet:

Utsira Kommune har tilrettelagt tre større ferdselsårer i utmark og kartlagt fleire verdifulle område for friluftslivsutøvelse i kommunen (Kulturplan 2016-2019). Les om våre turmål [på våre heimesider](#). Større innslag av beitedyr på beite krev ein meir detaljert plan for framtidig ferdsel i utmarka på Utsira. Det er særleg utfordringar med utanbygds gjester som kan vera redde for storfe og som har låg toleranse for fuktige stiar opptrakka av beitande dyr. Ein sjeldan gang kan det og vera reell fare og konflikt mellom hund eller barn og beitande storfe. Men mest er det positive opplevingar av å sjå flotte dyr beitande i fint landskap.

### ***Viktige vassførekomstar***

Utsira kommune har ikkje spesielle utfordringar etter vassforskrifta. Med unntak av Veito, er det få sårbare resipientar. Indre hamn i Nordvikvågen kan og tidvis ha algevekst og opphoping av koliforme bakteriar. Landbruksavrenning kan vera delar av tilførsel her.

Ope vatn i kulturlandskapet har stor betydning for biologisk mangfald og menneskeleg oppleving og trivsel i landskapet. Opne grøfter kan være eit godt alternativ til drenering. Utsira kommune har tidlegare gjeve SMIL stønad til opning av Veito. Tiltaket hadde og positiv effekt på gamle kisteveiter og nye drensrøyr som stod under vatn og gjørme.



### ***Tilrettelegging og planlegging av tiltak***

- I fyrste år av kommande planperiode vil det bli arbeid med ny forvaltningsplan for UKL for Utsira, samt innsamling av grunnlagsdata til denne planen.
- Me vil støtte og motivere bøndene via ordinære SMIL-tiltak, dreneringstiltak og nye tiltak for å ta vare på og auke biologisk mangfald i slåtteeng, myrslått og blomsterrike vegkantar (slått etter St.Hans, tørking og fjerning av gras/høy).
- Me vil gå gjennom tidlegare kulturlandskaps-planar for ulike bruk frå 2001 Berg/Grimsby.
- Nye UKL midlar kan også gå til vøling av gamle steinløe, steingardar og andre verdifulle landskapselement i kulturlandskapet. Me vil leggje stor vekt på samvirke mellom UKL og SMIL-midlar.

## Redusere utslepp til luft og unngå plantevernmidlar på avvegar

Kommunen og andre kan bidra til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt på tvers av «aktive» landbrukseigedomar som resulterer i at aktive bønder i etterkant kan søkja på SMIL-midlar til gjennomføring av tiltak (etter planen som er utarbeida)

Døme:

- Skjøtselstiltak i verdifull utmark (naturbasen) som dekker fleire landbrukseigedomar med aktiv landbruksdrift
- plan for tursti over fleire landbrukseigedomar
- Plan for restaurering og synleggjering av utvalde kulturminne langs ein tursti eller veg
- Plan for sikring og kantvegetasjon ved kanal som går over fleire landbrukseigedomar

## Lokale fristar for søking og kommunal sakshandsaming

Fristen for kommunane å fatte vedtak etter SMIL-ordninga :


- 1. november: kommunar som IKKJE har fått ekstra SMIL-midlar etter førebels rapport
- 1. desember: kommunar som har fått ekstra SMIL-midlar etter førebels rapport

Fristane kommunen har sett for søking på SMIL-midlar er:

- Vår: Fortløpande søknader, men mest før 1. juni, då kommunen skal rapportere rapportere bruk/behov
- Haust: Fortløpande, men mest før 1. september. I november returnerer vi ubrukte midlar.

Vedtak etter SMIL-forskrifta i kommunen vert gjort slik;

- Tradisjonell SMIL - administrativt av tilsette på landbrukskontoret i Karmøy kommune.
- UKL ekstra SMIL – lokal styringsgruppe Utvalde kulturlandskap



Kysthumle på rødkløver

## Tilskotssatsar

Skal ligge til grunn for utmåling av tilskot og ved ev. klage på tilskotssats må Statsforvalteren rette seg etter dei kommunale tilskotssatsane.

**Prioritet:** skala frå 0 til 10 (0 har lågaste prioritet og lågast tilskotssats).

**Tilskotssats:** høgaste tilskotssats som kommunen kan løyve, og må stå i forhold til prioritet.

	Miljøtema	Prioritet	Tilskotssats-inntil %
<b>Kulturlandskap</b>	Verdifull innmark	5	50
	Verdifull utmark	10	75
	Andre tiltak KLSK	8	75
<b>Biologisk mangfold</b>			
	Slåttemark/slåttemyr	10	75
	Kystlynghei	10	75
	Trua naturtyper	10	75
	Biologisk verdifulle areal	9	75
	Fjerne fremmede arter	9	75
	Andre tiltak BM	10	90
<b>Kulturminne/ kulturmiljø</b>	Automatisk freda	9	75
	Verneverdige bygg	4	50
	Steingjerder ol.	10	70
	Andre tiltak KM	5	50
<b>Friluftsliv</b>	Turstier	4	75
	Andre tiltak F	3	50
<b>Avrenning til vann</b>	Hydrotekniske anlegg	2	60
	Åpne lukka bekker	10	75
	Erosjonssikring	1	50
	Vegetasjon/kantsone vassdrag	6	50
	Mot flom langs vassdrag	2	30
	Fangdammar - etablering	2	30
	Miljøplantinger		
	Andre tiltak vann		
<b>Utslipp til luft</b>			
	Andre tiltak utslepp	6	50
<b>Plantevern</b>	Biobed	5	30
	Andre tiltak PVM	2	30

Utsira Kommune har prioritert gjerding og har hatt ordning med inntil 70% tilskot (75% til større fellesprosjekt) til gjerding av eldre naturbeite/kulturmark. Tilskotsats vil etter 2017 være 50%..





Planen er utarbeida:

Januar 2022

Utsira Kommune

v/ Miljø- og jordbrukssjef